


BRUK AV KJELDER



Sitat

Direkte sitat som er tre linjer eller kortare

Ein kan bruke direkte sitat i ein tekst. Dersom ein ikkje skal sitere meir enn 40 ord, gjer ein det på denne måten. "Direkte sitater kortere enn tre linjer skal alltid stå i anførselstegn og gjengir uten å endre på ordlyd eller tegnsetting" (Bårnes og Løkse, 2011, s. 62). Skal ein sitere meir, må ein gjere det på ein annan måte.

Direkte sitat som er meir enn tre linjer

Tenk deg at du skal skrive ein tekst. Du finn noko i ei bok eller i eit tidsskrift eller med på Internett som du vil sitere direkte.

Sitater lengre enn tre linjer skal som oftast stå med marginnrykk, mindre skriftstørrelse og uten anførselstegn.

Legg merke til at punktum kommer helt til slutt, det vil si etter parentesen med henvisningen (Bårnes og Løkse 2011, s. 63).

Her har du eit direkte sitat på over tre linjer på plass i teksten, akkurat slik det skal vera.

Indirekte sitat

Når du skriv litt om på noko andre har skrive før, formulerer dei same tankane med dine egne ord eller på andre måter siterer indirekte, må du og ha med henvisning. Dette kan gjerast på ulike måter:

Originalteksten:

«Derfor er selve kriminallitteraturens struktur ypperlig egnet til å orde et tekstmateriale, og har vist seg anvendelig også i tekster som har helt andre hovedinteresser enn etterforskning og oppklaring» (Skei 2008, s. 9).

Indirekte sitat med henvisning:

Skei (2008, s. 9) meiner at strukturen i ein kriminalroman er veldig godt eigna til å ordna eit tekstmateriale og at denne strukturen godt kan brukast i andre typar tekstar.

Strukturen i kriminallitteraturen er godt eigna til å ordna eit tekstmateriale, og det har vist seg at denne strukturen også kan brukast i andre typar tekstar som ikkje har med oppklaring av mord eller etterforskning å gjera (Skei 2008. s. 9).

Henvisning

Etter sitatet skal du ha med ein henvisning til den litteraturen du har ført opp i kjeldelista. Du skal då ha med forfattaren sitt etternamn, årstal og sidetal på denne måten (Tvedt 2011, s. 26). Viss du ikkje har nokon forfattar, bruker du organisasjon eller institusjon.

Kjeldeliste

Du må ha med nok informasjon til at lesaren kan finne att kjelda. Du skal ha med:

- forfattarnamn
- årstal og dato
- tittel
- stad
- forlag

Korleis ein fører opp kjelder

Bok med ein forfattar:

Ravatn, Agnes (2009). *Stillstand : sivilisasjonskritikk på lågt nivå*. Oslo : Samlaget

Henvisning i teksten: (Ravatn 2009)

Bok med to eller tre forfattarar:

Malnes, Raino og Knut Midgaard (1993) *Politisk tenkning fra antikken til vår tid*. Oslo. Universitetsforlaget.

Henvisning i teksten: (Malnes og Midgaard 1993)

Bok med fleire enn tre forfattarar:

Oldervoll, T. m.fl. (2008) *Sinus S2 : lærebok i matematikk*. Oslo. Cappelen.

Henvisning i teksten: (Oldervoll et. Al. 2008)

Film:

Precious (2010) [DVD]. Directed by Lee Daniels: produced by Sarah Siegel-Magness, Gary Magness and Lee

Henvisning i teksten: (Precious 2010)

CD:

Cassidy, Eva (1998). *Songbird* [CD]. Washington: Blix street records

Henvisning i teksten: (Cassidy 1998)

Artikkel i tidsskrift:

Nyhus, Håvard (2012) Alle ripper og kopierer. *Eno*, nr. 3, s. 50-52

Henvisning i teksten: (Nyhus 2012)

Leksika/oppslagsverk:

Aschehoug og Gyldendals Store norske leksikon (2006): "Omskjæring". Bind 11: 517-518. Oslo: Kunnskapsforlaget.

Henvisning: (Aschehoug og Gyldendals Store norske leksikon 2006)

Artikkel i avis:

Jacobsen, Hans E.H. (15.november 2012) Billig strøm også neste år. I: *Aftenbladet*, s. 8.

Henvisning i teksten: (Aftenbladet 2012)

Artikkel i avis på nett:

Zahl, Jan (2012) Muggsopp, kulde og lekkasjar. *Aftenbladet*
http://www.aftenbladet.no/kultur/Muggsopp_-kulde-og-lekkasjar-3069309.html [Henta frå Internett 15.november 2012]

Henvisning i teksten: (Zahl 2012)

Internettside med forfatter:

Solbu, Erlend L. (2012) *Matematikk kan gjøre fysisk vondt*.
<http://www.forskning.no/artikler/2012/november/339372>. [Henta frå Internett 15. november, 2012]

Henvisning i teksten: (Solbu 2012)

Internettside utan forfattar:

Amasoner. <http://no.wikipedia.org/wiki/Amasoner> [Henta frå Internett 22.mars 2011]

Henvisning i teksten: (Amasoner 2011)

Døme på kjeldeliste

Amasoner. <http://no.wikipedia.org/wiki/Amasoner> [Henta frå Internett 22.mars 2011]

Aschehoug og Gyldendals Store norske leksikon (2006): "Omskjæring". Bind 11: 517-518. Oslo: Kunnskapsforlaget

Cassidy, Eva (1998). *Songbird* [CD]. Washington: Blix street records

Jacobsen, Hans E.H. (15.november 2012) Billig strøm også neste år. I: *Aftenbladet*, s. 8.

Malnes, Raino og Knut Midgaard (1993) *Politisk tenkning fra antikken til vår tid*. Oslo. Universitetsforlaget.

Nyhus, Håvard (2012) Alle ripper og kopierer. *Eno*, nr. 3, s. 50-52

Oldervoll, T. m.fl. (2008) *Sinus S2 : lærebok i matematikk*. Oslo. Cappelen.

Precious (2010) [DVD]. Directed by Lee Daniels: produced by Sarah Siegel-Magness, Gary Magness and Lee

Solbu, Erlend L. (2012) *Matematikk kan gjøre fysisk vondt*.

<http://www.forskning.no/artikler/2012/november/339372>. [Henta frå Internett 15. november, 2012]

Ravatn, Agnes (2009). *Stillstand : sivilisasjonskritikk på lågt nivå*. Oslo : Samlaget

Skei, Hans H. (2008) *Blodig alvor : om kriminallitteraturen*. Oslo : Aschehoug

Zahl, Jan (2012) Muggsopp, kulde og lekkasjar. *Aftenbladet* http://www.aftenbladet.no/kultur/Muggsopp_-kulde-og-lekkasjar-3069309.html [Henta frå Internett 15.november 2012]